



# DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger sokneråd

## Årsmelding 2023

Høyanger sokneråd er samansett slik:

Etter søknerådsvalet:

Leiar: Vidar Myren  
Nestleiar: Edel-Marie Johansen  
Medlem: Heike Peggy Müller  
Medlem: Elisabeth Johansen  
Medlem: Torsten Ronny Müller  
Medlem: Aud Saxrud  
Sokneprest: Andreas Ester  
Før søknerådsvalet:  
Leiar: May-Wenche Fossmark  
Nestleiar: Marit Tonning  
Medlem: Vidar Myren  
Medlem: Lars Petter Amundrud  
Medlem: Veronica Vågen  
Sokneprest: Andreas Ester

Medlemmar i Høyanger kyrkjelege fellesråd :


Vidar Myren, Torsten Ronny Müller. Elisabeth Johansen  
(1.vara), Heike Peggy Müller (2. vara)

### PERSONALSITUASJONEN.

Sokneprest: Andreas Ester  
Prost: Knut Magne Nesse  
Kantor: Gerda Otterstein (i permisjon frå 15.09, ho har seinare sagt opp stillinga frå 15.03.2024.  
Kyrkjelydsmedarbeidar Heike Peggy Müller  
Kyrkjeverje Bjørnar Otterstein (til: 31.03)  
Stig Jonny Fitje (frå: 01.04)  
Sekretær: Ali Kharrat  
Kyrkjetenar: Heike Peggy Müller  
Klokkar: Heike Peggy Müller

### MØTEVERKSEMD.

	2023
Tal soknerådsmøte:	11
Tal saker behandla:	50
Tal frammøtte på årsmøte	9
Tal soknemøte:	1



Kyrkjeleg årsstatistikk, Høyanger sokn i tal.

Tal gudstenester på søn-og heiladagar	11	tal deltakarar	427
Tal gudstenester utanom søn og heiladagar	10	tal deltakarar	476
Andakter på Høyanger sjukeheim	16	tal deltakarar	
Gudstenester med nattverd	2	tal nattverdgjester	30
Gudstenester tilrettelagt for barn og ungdo	3	tal deltakarar	136
Gudstenester tilrettelagt for barehagebarn	1	tal deltakarar	57
Gudstenester med dåp	5	tal deltakarar	243
Konfirmasjonsgudstenester	1	tal deltakarar	286
Vigslar	0		
Gravferder	21		

Konfirmasjon:

I Høyanger sokn vart 11 konfirmerte

Dåp:

Det vart døypt ti barn i Høyanger kyrkje. Ved dåpen vert det gjeve eit lys og dåpsklut.

Kyrkjemusikk i 2023

Det vart arrangert 1 konsert i regi av menigheten med til saman 69 deltakere.

Det vart arrangert 4 konsertar i regi av andre med til saman 473 deltakere

Kantorikoret i Lavik, som hadde medlemmer frå Høyanger vart avikla då kantor gjekk ut i permisjon.

#### ØKONOMI

Økonomien til soknerådet er avhengig av offergåvene som går til eige arbeid. Inntektene frå offergåver dekkjer ikkje utgiftene soknet har.

Rekneskapen 2023 viser eit underskot på kr. 9.972,57, underskotet er dekkja av fondet Fondet utgjør no kr. 94.421,25

Takkoffer, eiga verksemd	kr. 7.126-
Takkoffer, til andre	kr. 8.557,-
Fasteaksjonen	kr. 1.777,-

Kyrkjjas medlemsregister.

I Høyanger sokn har 8 personar meldt seg ut, og 2 personar har meldt seg inn.

#### **BARNE- OG UNGDOMSARBEID Trusopplæringatiltak 2023:**

Tårnagenthelg; Ei samling 04.02.23, på fire timar samt ei gudsteneste.

Det vart invitert 19 barn, det møtte 9 gutar og 7 jenter. Frivillige medhjelpere: Torsten Müller og Aud Saxrud

6 års-samling: Ei samling på ein time den 18.10.23, samt gudsteneste, med utdeling av Mi kyrkjebok 6. Det vart invitert 10 barn, ingen møtte på samlinga. Utdelt 2 bøker i kyrkja, 1 gut og ei jente.

4 års-samling den 21.09.23. Ei samling på ein time samt gudsteneste. Det var hausttakkefest og utdeling av Mi kyrkjebok 4. Det var invitert 10 barn, det møtte 5 barn, 1 gut og 4 jenter..

2 og 3 års-samling, felles for Kyrkjebø/Vadheim og Høyanger 16.11.23., Det var ei samling på ein time. 20 barn vart invitert, det møtte 2 jenter.

Babysong: Etter fleire forespørslar starta Kyrkjelydsarbeidar i september 2023 opp med ei Babysong-gruppe. Mødrene og fedrane møter annan kvar måndag i Høyanger kyrkje til song, leik og fellesskap. Det vart 8 samlingar i 2023 og det møtte opp 7 foreldre med babyar.

Minikonfirmantar mars -juni 23 Høyanger sokn.

Det har vore åtte samlingar, to gudstenester samt minikonfirmanthelg.

Det vart invitert 23 barn, det møtte 11 barn, 4 gutar og 7 jenter.

Det vart utdelt biblar til barna.

Minikonfirmantane ønskte ikkje slutte med samlingar i kyrkja. Difor starta vi med eit tilbod etter skuletid på fredagar. Tilbodet har fått namnet Kids-klubb. Det har vore 97 frammøtte. Tilbodet varte frå august til desember. Det har vore 12 medlemer. Kids-klubb hadde overnatting i kyrkja 17.-18.11.

Soknepresten har forretta gudstenestene og kantor har vore ansvarleg for det musikalske, fram til ho gjekk ut i permisjon. Etter dette har vikarar stått for det musikalske. Soknerådet har vore kyrkjevertar ved behov. Kyrkja er med i glede og sorg. Dei tilsette ønskjer å vere på tilbodssida og yte så god service som mogeleg. Staben er liten, men leverer veldig godt arbeid.

### **Soknerådet.**

Soknerådet har handsama 50 saker i 2023, ein grunn til dette var planlegging av valget i september. Valsakene var oppe på kvart eneste møte i 2023. Men også andre saker som innkjøp av gassgrill m.m.

Soknerådet har faste sakspostar på programmet som handsaming av offersøknad til gudstenestene, møteplanlegging, årshjul, m.m.

### **Fasteaksjonen:**

Konfirmantane deltok i innsamlinga saman med frivillige. Til saman fekk dei in kr. 1.777- til Kirkens nødhjelp.

### **Informasjon ut:**

Høyanger sokn brukar Facebook flittig til stort og smått og det fungerer bra. Nettsida oppdateres heile tida. Dette er ei av dei viktigaste informasjonskanalane ut ang. ulike aktivitetar mm.

### **Misjonsprosjekt i Estland.**

Kyrkjebø og Høyanger sokn har felles misjonsprosjekt i samarbeid med NMS. Det er kyrkjelydane i ein bydel i Tallin og forstaden Baku. Det vert bygd kyrkje og kyrkjelyd og det satsast spesielt på barn og unge.

Open kyrkje i 2023.

Høyanger sokneråd har hatt tilbod om åpen kyrkje fram til 11.11.23

Tilbodet var laurdagar mellom 12-14.. Tilbodet var 43 gonger. I sommartida var ein del av dei besøkande turistar.

### **Dugnad på gravplassar**

26.04 vart det organisert dugnad rundt kyrkja, og på gravplassen på Øvre Sæbø. Takk til alle som gjorde ein innsats for fellesskapet!

Soknerådet har også tilbod om skyss til gudstenester og andre tilstellingar i kyrkja. Dei som ynskjer det vert henta heime av ein kyrkjevert og kjørt heim igjen etter gudsteneste/ konsert.

### **AVSLUTNING.**

Årsstatistikken viser at tal på gudstenester i 2023 var 21 totalt. Det var 7 færre enn 2022. Det var gudstenester på søn- og heilagdagdar og gudstenester på andre dagar. Oppmøte på søn- og heilagdagdar var 427. På gladgudstenester på onsdagar var det eit oppmøte på 476..

Helgestunder kjem ut med 4 nummer i året. I redaksjonen sit Sturla Bell-Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo og Andreas Ester

Høyanger sokneråd er takksame for det gode samarbeidet med kommunen. Kyrkja opplever stor velvilje og godt samspel.

Soknerådet retter ein stor takk til Førdefirmaet Anleggsgartner Baarøy AS som har ansvar for stell av gravplassane i Høyanger.

Med skiftande tider og skiftande behov er det viktig at kyrkja evnar å tilpasse seg slik at vi som bur i Høyanger til ei kvar tid opplever at vi har ei levande og nærverande kyrkje bland oss. Det forutset at vi evnar å tenke nytt og invitere til større samarbeid med andre aktørar i soknet.

Høyanger sokneråd ber om og tek med takk i mot forslag om aktivitetar de kunne tenkje var verd å prøve. Det trengst og frivillige til å vere med på arbeidet med barn og unge.

Kyrkja treng engasjement og folk som vil vere med å forme framtida.

**Takk til alle dykk som har vore med på å støtte kyrkja sitt arbeid.**

Høyanger 06.03.24

Høyanger sokneråd

Vidar Myren  
leiar